HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Innfartsparkering

Kollektivtransportforum årskonferanse 2015

Erlend Iversen

Samferdselavdelinga, Hordaland fylkeskommune

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Dagens tekst:

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit forslag til strategi for innfartsparkering i Bergensområdet.

- Kva er det politiske fokus på innfartsparkering?
- Kva slags strategiar vert føreslått?

Strategi for innfartsparkering

fram mot 2030

Høyringsutkast

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

- Fylkesutvalet vedtok 20. november 2014 å legge strategien ut på høyring
- Endeleg handsaming i fylkestinget mars 2015

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

1. Strategi for innfartsparkering

© Mr J. U Hansen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Bakgrunn for Strategi for innfartsparkering fram mot 2030

- Fylkesutvalet i Hordaland sette ned eit tverrpolitisk utval som skulle arbeide med *ein meir offensiv strategi* for innfartsparkering.

- Sentralt for arbeidet har vore deltaking i Transnova sitt prosjekt i regi av TØI: *Optimalisering av innfartsparkering som klimatiltak.* Denne undersøkinga er eit viktig fagleg grunnlag for strategidokumentet.

- September 2014: fagseminar for innfartsparkering, med politisk og administrativ deltaking frå Bergen og omlandskommunane.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet

Totalt ca. 2 500 plassar, 47 pst vekst sidan 2001.

I tillegg kjem uoffisielle plassar



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kvifor innfartsparkering?

- Gi kollektivtrafikken større flatedekning, tilbod til dei med avgrensa, lokalt kollektivtilbod eller komplekst reisemønster
- Avlaste hovudvegsystemet i rush
- Fleksibilitet i reisekjeda, kan kombinerast med andre ærend
- Reduksjon i talet p-plassar sentralt i byen?
- Kø og restriksjonar på bilbruk
- Tilbod til dei som ikkje har parkering ved reisemålet

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kvifor ikkje?

- Dyre kollektivpassasjerar:
  - 80 pst køyrer aleine til innfartsparkeringsplassen
  - Kvar plass i p-hus kostar 3 – 400 000 kr å bygge
- Konkurrerer om midlar med andre kollektivtiltak
- Konkurrerer med lokal-/ matebusstilbodet
- Stimulerer til spreidd utbyggingsmønster
- God tilgang på parkering gir auka bilbruk
- Subsidiering av dei som vel bil på deler av reisa
- Mange brukarar bur nært innfartsparkering eller kollektivtrase

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hovudresultat frå kartlegginga av innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet:

- Ledig plass ved fleirtalet av plassane
- Over 40 pst av brukarane bur innanfor 3 km frå p-plassen
- Over 80 pst køyrer aleine til innfartsparkeringsplassen
- Over 70 pst av brukarane kan nytte buss til p-plassen
- Fleirtalet har avgrensa moglegheit til å parkere ved arbeidsplassen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Nummerskiltregistrering:

Innfartsparkering gir kollektivtrafikken større flatedekning



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mykje framandparkering

Mange brukarar innan gangavstand til p-plassen



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mange brukarar innan gangavstand

Ein del framandparkering



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

2. Nokre sentrale prinsipp i strategiforslaget

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen skal satse på overordna plassar:

- Plassering ut frå overordna rutestruktur for kollektivtrafikken og hovudvegnettet i regionen
- Færre og større anlegg, unngå fragmentering i mange små plassar som er vanskeleg å betene med kollektivtrafikk

Brukarbetaling

- Brukarbetaling: effektiv bruk. Treffe riktig målgruppe

- Evt. brukarbetaling bør koordinerast med parkeringstilbodet i omlandet.

Geografisk plassering av innfartsparkering:

- Reine innfartsparkeringsplassar skal ligge utanfor lokalsentra, køstrekningar og bomsnitt.
- Dersom innfartsparkering skal etablerast i sentrumsområde må det vere på grunn av høve til å inngå leigeavtaler/ sambruk.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Sambruk

– Sambruksanlegg kan etablerast der det er reelt behov for innfartsparkering (ikkje berre senter-parkering)

Finansiering

- Midlar til innfartsparkering bør vere ein del av aktuelle bompengepakkar.
- Der det ikkje ligg føre bompengepakkar er det naudsynt med samarbeid med den einskilde kommune om eit økonomisk grunnlag

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Sykkel

Strategien legg opp til at fleire bør gå eller sykle.

Må følgjast opp med etablering av tilstrekkeleg sykkelparkering, inkludert forsøk med sikker sykkelparkering.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Vegeigarprinsippet

- Fylkeskommunen ansvar for innfartsparkering som ligg til fylkeskommunal infrastruktur
- Andre offentlege aktørar:
  - Jernbaneverket
  - Statens vegvesen
  - Kommunane
- Eit spørsmål kva veg innfartsparkeringa er meint å avlaste?

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Strategiforslaget viser 3 utviklingsbaner for kollektivtilbodet:

1: Status quo

2: Jamn utvikling frå dagens 2 500 til 4 000 plassar

3: Ambisiøst mål om dobling av talet på plassar i 2030



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

3. Politiske vurderingar

To be continued:

Endeleg handsaming av fylkestinget mars 2015

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Høyringsrunde:

Tilbakemelding frå Bergen og omlandskommunane etter politisk handsaming

Kan oppsummerast i **3 hovudpunkt:**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

1)

Vil ha fleire plassar:

- Fleire innfartsparkeringsanlegg og fleire innfartsparkeringsplassar.

- Mest ambisiøse utviklingsbane vert lagt til grunn

- Innspela er basert på dagens observerte etterspurnad.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

2)

Brukarbetaling må balanserast:

- Må ikkje vere for høg:
  - Kan gi overføring av parkering til bustadgatar ved innfartsparkering/ knutepunkt
  - Kollektivreisa kan samla sett (parkering + kollektivbillett) bli for dyr

- Må ikkje vere for låg:
  - Reisande kan byte gange/ sykkel/ kollektiv med bil fram til innfartsparkering
  - Reisande med godt kollektivtilbod eller kort avstand til innfartsparkering gir «feil» bruk av innfartsparkering

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Unngå overføring av parkering til lokalområdet

3)

Fylkeskommunen må ha det overordna ansvaret:

Fylkeskommunen må ha det overordna ansvaret for innfartsparkering – og samarbeide med den einskilde kommune om etablering.

- Ikkje vesentleg kven som eig tilstøytande veg (jf. vegeigarprinsippet)

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

+ Ein uttale som skilte seg frå alle andre…

Fylkesmannen i Hordaland vil ha ein prinsipiell og meir kritisk diskusjon av innfartsparkering:

- Fleire p-plassar gir meir bilkøyring, jf. nasjonale mål om reisemiddelfordeling
- Brukarar som bur nært innfartsparkeringa eller eit godt kollektivtilbod er ikkje i målgruppa for innfartsparkering
- Dyrt verkemiddel for å få fleire til å reise kollektivt, riktig ressursbruk?

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tverrpolitisk arbeidsgruppe innfartsparkering

Sentrale diskusjonar i gruppa:

- Innfartsparkering skal gjere det lettare å reise kollektivt
- Evt. brukarbetaling integrerast i kollektivbilletten – igjen lettast mogleg
- Det er behov for ein betydeleg auke i talet på plassar
- Innfartsparkering vert sterkt kopla til lokalsenterutvikling – regionalt vs. lokalt perspektiv
- Positiv til å prioritere innfartsparkering framfor andre kollektivtiltak

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Eit døme frå Åsane:

- Åsane – bydel nord i Bergen
- 40 000+ innbyggarar (Ålesund/ Haugesund)

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Resultat fra nummerskilt-registrering av bostedsadresse



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Utdrag av høyringsuttale Bergen kommune:

- «[Det må] *både vurderes nye, permanente løsninger som kan betjene det <u>økende behovet</u> for innfartsparkering i Åsane, samtidig som det vurderes midlertidige løsninger som kan fungere frem til bybane til Åsane er realisert…»*

Komite for miljø og byutvikling 8. januar 2015

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Trase for dei to tyngste stamlinjene for buss i Åsane mot Bergen



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Eit avsluttande (visdoms)ord:

Kartlegginga av innfartsparkering i regi av TØI

har vore særs sentral for å kunne gi ein meir faktabasert diskusjon.

Diskusjon av tema som brukarbetaling hadde vore særs vanskeleg utan denne kartlegginga

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Spørsmål?